



# Lærdal kommune

## Sakspapir

Saksnr.	Utvale	Møtedato
179/20	Formannskapet	29.10.2020
085/20	Kommunestyret	05.11.2020

**Sakshandsamar:** Monika Lysne      **Arkiv:**      **Arkivsaksnr.** 20/567 - 9

### Kommunedelplan for Klima, energi og miljø 2021 - 2030, fastsetting av planprogram

#### Kort samandrag:

Kommunestyret vedtok oppstart av planarbeid for *Kommunedelplan for Klima, energi og miljø 2021-2030* i møte 03.09.2020 og vedtok samstundes å leggja framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn. Administrasjonen har varsla oppstart av planarbeidet og gjennomført offentleg ettersyn av planprogrammet. Det er komme inn 3 skriftlege innspel i høringsperioden, og det er henta inn mange munnlege innspel gjennom ulike medverknadsprosesser.

#### Rådmannen si tilråding:

Kommununestyret vedtek å fastsetja framlegg til Planprogram for *Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021-2030* i medhald av Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 utan endringar.

#### 29.10.2020 Formannskapet

#### Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

#### FS-179/20 Vedtak:

Kommununestyret vedtek å fastsetja framlegg til Planprogram for *Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021-2030* i medhald av Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 utan

endringar.

## **05.11.2020 Kommunestyret**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS-085/20 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å fastsetja framlegg til Planprogram for *Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021-2030* i medhald av Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 utan endringar.

### **Vedlegg:**

Høyringsuttale - Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021 - 2030, oppstart av Kommunedelplan for klima, energi og miljø 2021 - 2030, oppstart av planarbeid og planprogram til offentleg ettersyn

Framlegg til Planprogram

Fråsegn til Kommunedelplan for klima, energi og miljø for Lærdal kommune - oppstart av planarbeid og planprogram til offentleg ettersyn

Innspel til Kommundelplan for klima, energi og miljø

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11 - 13.

### **Saksutgreiing**

Kommunestyret vedtok Kommunal planstrategi for 2016 -2020 i februar 2017, og vedtok med

denne at energi- og miljøplanen frå 2007 skulle reviderast i planstrategiperioden.

Kommunestyret vedtok oppstart av dette planarbeidet i møte 03.09.2020 og vedtok samstundes å leggja framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn.

Fyste trinnet i arbeidet med revisjon av ein kommunedelplan, er å utarbeide planprogram, jamfør Plan og bygningslova, §§ 4-1 og 11-13. Føremål med planprogrammet er å sikre ein føreseieleg og effektiv planprosess som legg til rette for god medverknad frå myndigheter, innbyggjarar og andre interesserte. Planprogrammet skildrar føremål med planarbeidet, dei viktigaste problemstillingane som skal gje grunnlag for vedtak, planprosess og opplegg rundt medverknad, samt organisering av arbeidet.

Klimakoordinator har utarbeida framlegg til Planprogram, og har hatt fleire møte med arbeidsgruppa i arbeidet med utarbeiding av Planprogrammet. Arbeidsgruppa har vore sett saman av representantar frå ulike einingar i kommunen og er same arbeidsgruppe som arbeidar fram Grøne Lærdal-prosjektet. Framlegg til Planprogram har vore gjennom ein breid høyringsprosess, og varslingsbrev om oppstart av planarbeidet har vore sendt ut til lag- og organisasjonar, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, nabokommunar, Barnrepresentant, offentlege myndigheiter og internt i kommunen. Klimakoordinator har informert om planarbeidet og henta inn munnlege innspel slik:

- på medverknadsdag i 10. klasse
- i Internt planforum (med sakshandsamar frå alle einingar i kommunen)
- på leiarmøte internt i organisasjonen
- i møte med Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
- arrangert inspirasjonskveld for arrangørar i Lærdal
- på ope kulturarrangement om forbruk i kulturhuset
- i møte med Lærdal Bondelag
- på næringskafe i regi av Lærdal Næringsutvikling

På fleire av desse møta/arrangementa har det vore gode drøftingar, gruppearbeid og liknande for å hente inn innspel til planarbeidet og arbeidet med «Grøne Lærdal».

Det er komme inn 3 skriftlege innspel i høyringsperioden av planprogrammet, og til varsel om oppstart av planarbeid.

## Økonomiske konsekvensar

Ingen

## Vurdering

Følgjande skriftlege innspel er komme til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram:

Vestland fylkeskommune, brev datert 09.09.2020

- ynskjer presiseringar og utfyllande informasjon om fleire tema. Har framlegg til endringar. Etterlyser større medverknadsprosess utover krav i Plan- og bygningslova.

*Kommentar frå administrasjonen: Planprogrammet har vore gjennom ein breid medverknadsprosess, langt utover det som er sett som krav i Plan- og bygningslova.*

*Klimakoordinator har vore svært aktiv for å hente inn innspel, starte gode drøftingar, arrangert gruppearbeid og arrangement, og har fått mange gode innspel til arbeidet med kommunedelplanen på denne måten. Administrasjonen meiner det er gjort eit svært godt arbeid for å sikre medverknad frå ulike grupper, innbyggjarar, lag og organisasjonar, næring og internt i organisasjonen (sjå liste i saksutgreiinga). Planprogrammet kan alltid vera meir utfyllande på ulike tema, og dette vil vera ein balansegang mellom å vera konkret og presis, men og dekkande. Administrasjonen meiner dette er gjort på ein tilfredstilende måte, og ynskjer ikkje utfylle enno meir, då planprogrammet då vert så langt at få tek seg tid til å lesa. Dei punkta som fylkeskommunen ynskjer meir utfyllande informasjon om, vert grundig omtala i planomtalen til sjølve planen.*

#### Lærdal Bondelag, brev datert 19.10.2020

- har framlegg til ulike tiltak som blant anna tiltak som kan bygge opp under «Grøne Lærdal»-visjonen, redusere utslepp frå landbruket og redusere matsvinn.

*Kommentar frå administrasjonen: Administrasjonen meiner Bondelaget kjem med svært gode framlegg til tiltak som bør vurderast og omtalast nærmare i sjølve planen (ikkje planprogrammet). Me tek med oss innspela i det vidare arbeidet, og held fram god dialog med Bondelaget og landbruksavdelinga om tiltaka.*

#### Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, brev datert 14.10.2020

- Ynskjer at det vert innarbeida tiltak om å gjennomføra årlege ryddeaksjonar der kommunen tek koorideringsansvaret. Tema kan variera frå år til år td. bil/metallskrap, dekk, plast.

*Kommentar frå administrasjonen: Kommunen har arbeida med kommunale ryddeaksjonar (metallskrap, ulovlege søppelfyllingar og div.) frå 2019. Den tradisjonelle vårrydde-aksjonen vert organisert av lag og organisasjonar. Administrasjonen er samd med innspelet frå rådet, og meiner det er viktig at kommunen jamnleg legg til rette for større ryddeaksjonar med ulike tema, og tek dette med vidare i utarbeiding av planen og handlingsprogrammet.*

Arbeidsgruppa har drøfta ulike innspel som er komme munnleg til planoppstart og høyring av planprogram. Dei fleste innspela handlar om tiltak, kompetanseutvikling og underbygging av «Grøne Lærdal» som visjon. Innspela vert teke med vidare i arbeidet med utarbeiding av sjølve planen og handlingsprogrammet til planen. Administrasjonen vil rá til at planprogrammet vert vedteke slik det ligg føre utan endringar.

